



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	14.08.2018
Tid:	13:30 – 16:55

Medlemer som møtte:

Arnulf Goksøyr	Leder	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Svein Gjølseth	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Camilla Storøy	NESTL	KRF
Ole Brubakk	MEDL	KRF
Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Linn-Therese Hansen Sævik	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	KRF
Margaret Leinebø	Ole Brubakk	H
Bjørn Otterlei	Camilla Storøy	H
Olaug Andreassen	Reidun S Myrvågnes	AP
Thor Sigmund Garvik	F-sak 141, 142 og 143.	FRP

Andre:

Rådmann Olaus Jon Kopperstad
Politisk sekretær Hilde B. Skinnnes
Driftsingeniør utviklingsavdelinga Torger Kvalsund
Økonomiileiar Geir Egil Olsen
Planleggar/avdelingsleiar Ole Magne Rotevatn
Planleggar Erlend Vikestrand
Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Linn-Therese H. Sævik og Olaug Andreassen

Skriv delt ut i møte:

Skriv frå fylket om vidaregåande skule i Herøy

Vedlegg i F-sak 140/18 og 141/18

Notat datert 07.08.18 – Status for arbeidet med Solparken

MTK-sak 39/18 – Hamneavgifter – fastprisavtale med Hurtigruten

Brev datert 02.08.18 frå Møre og Romsdal fylkeskommune – Vidareutvikling av Herøy vidaregåande skule – intensjonsavtale om utgreiing

Drøftingar:

Herøy vidaregåande skule

Fosnavåg hamn

Orienteringar:

Frå Landbruksavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune orienterte Frank Madsøy og Kari Bjørnøy om nasjonal jordvernstrategi, jordlova og plan- og bygningslova.

Linn-Therese H. Sævik

Arnulf Goksøy

Olaug Andreassen

underskrifter

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 133/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 134/18	Protokoll frå førre møte
PS 135/18	Delegerte saker
PS 136/18	Referatsaker
PS 137/18	Skatterekneskapen 2017
PS 138/18	Hamneavgifter - fastprisavtale med Hurtigruten AS
PS 139/18	Myklebuståsen bustadfelt - slutthandsaming av utbyggingsavtale med Myklebuståsen Utbygging AS
PS 140/18	Søknad om lånegaranti, stor kr 3.650.000,- frå Troll-myra barnehage AS
PS 141/18	Søknad om lånegaranti, stor kr 1.320.000,- , frå Troll-lia Barnehage AS
PS 142/18	Prosjekt 51949 Sjøleidning for avlaup frå Vågsholmen til Allmenningen - økonomisk avslutning
PS 143/18	Detaljreguleringsplan Runde Panorama - oppstart av planarbeid
PS 144/18	Reguleringsendring etter PBL § 12-14 Nærøya - oppstart av planarbeid
PS 145/18	Oppstart av planarbeid - Detaljreguleringsplan for Igesundvegen-Kleiva

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 19/18 Godkjenning av skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement (enkelt, bestemt anledning)
- DS 20/18 Godkjenning - skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement (enkelt, bestemt anledning)
- DS 21/18 Tildeling av prikkar - Thon hotel Fosnavåg

Referatsaker

- RS 32/18 Høyring - forslag til endringar i passloven - pass til barn og prøveløslatte
- RS 33/18 Orientering til Formannskapet – lokale innkjøp av skulemateriell
- RS 34/18 Forhandlingar om større revisjonseining.
- RS 35/18 Ambulansetenesta ved Volda sjukehus

PS 133/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 134/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 135/18 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg før og vart tenke til vitande

PS 136/18 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande

PS 137/18 SKATTEREKNESKAPEN 2017

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 14.08.2018

Herøy kommunestyre tek skatterekneskapen 2017 til vitande.

PS 138/18 HAMNEAVGIFTER - FASTPRISAVTALE MED HURTIGRUTEN AS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 14.08.2018

Kommunestyret ber administrasjonen om å gjennomføre forhandlingar med Hurtigruten AS med sikte på å inngå avtale om fastpris på anløpsavgifta. Denne skal vere gjeldande for dei fartøya som Hurtigruten AS bruker i samband med gjeldande kystruteavtale med Samferdselsdepartementet.

Administrasjonen får med dette løyve til å inngå avtale med Hurtigruten AS der avtalesummen vert sett til kr 200 000,- pr. år og skal vare ut 2020. Avtalesummen skal årleg indeksjusterast.

PS 139/18 MYKLEBUSTÅSEN BUSTADFELT - SLUTTHANDSAMING AV UTBYGGINGSAVTALE MED MYKLEBUSTÅSEN UTBYGGING AS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 14.08.2018

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Myklebuståsen Utbygging AS vert godkjent.
2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune.

PS 140/18 SØKNAD OM LÅNEGARANTI, STOR KR 3.650.000,- FRÅ TROLL-MYRA BARNEHAGE AS

Møtebehandling:

Vedlegg i saka vart delt ut.

Linn-Therese Sævik reiste habilitetsspørsmål. Ho er styreleiar i Sirlihaugen Barnehage AS. Ho går frå under handsaming av habilitet.

Linn-Therese Sævik vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, bokstav e. Thor Sigmund Garvik møtte som vara.

Det vart halde gruppemøte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.08.2018

1. Herøy kommune yter ein kommunal lånegaranti – sjølvskuldskausjon – på inntil NOK 3,35 mill + 10% (totalt 3,65 mill kr) til Troll-Myra barnehage AS.
2. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 15 år med tillegg av inntil 2 år, jfr. garantiforskrifta § 3.
3. Garantien vert gitt under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning.

PS 141/18 SØKNAD OM LÅNEGARANTI, STOR KR 1.320.000,-, FRÅ TROLL-LIA BARNEHAGE AS

Møtebehandling:

Vedlegg i saka vart delt ut.

Linn-Therese Sævik reiste habilitetsspørsmål. Ho er styreleiar i Sirlihaugen Barnehage AS. Ho går frå under handsaming av habilitet.

Linn-Therese Sævik vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, bokstav e. Thor Sigmund Garvik møtte som vara.

Det vart halde gruppemøte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.08.2018

4. Herøy kommune yter ein kommunal lånegaranti – sjølvskuldskausjon – på inntil NOK 1,2 mill + 10% (totalt 1,32 mill kr) til Troll-lia barnehage AS.
5. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 15 år med tillegg av inntil 2 år, jfr. garantiforskrifta § 3.
6. Garantien vert gitt under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning.

PS 142/18 PROSJEKT 51949 SJØLEIDNING FOR AVLAUP FRÅ VÅGSHOLMEN TIL ALLMENNINGEN - ØKONOMISK AVSLUTNING

Møtebehandling:

Svein Gjelseth reiste habilitetsspørsmål då sonen er styremedlem i Vågsholmen Utvikling AS. Han går frå under handsaming av habilitet.

Svein Gjelseth vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav b.

Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål då ho er styremedlem i Herøy Vasslag Sa. Ho går frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav e.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.08.2018

1. Økonomisk avslutning for prosjekt 51949 Sjøleidning for avlaup frå Vågsholmen til Allmenningen vert godkjent.
2. Kostnaden vert finansiert over avlaupskapetlet.

PS 143/18 DETALJREGULERINGSPLAN RUNDE PANORAMA - OPPSTART AV PLANARBEID

Møtebehandling:

Arnulf Goksøyr reiste habilitetsspørsmål då han er tiltakshavar og søker i saka. Han går frå under handsaming av habilitet.

Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav a.

Bjørn Otterlei leiar møtet.

Thor Sigmund Garvik møtte som vara i saka.

Planleggar/avdelingsleiar utvikling Ole Magne Rotevatn orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.08.2018

Formannskapet vedtek at det i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område på Runde.

PS 144/18 REGULERINGSENDING ETTER PBL § 12-14 NÆRØYA - OPPSTART AV PLANARBEID

Møtebehandling:

Planleggar/avdelingsleiar utvikling Ole Magne Rotevatn orienterte

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.08.2018

Herøy formannskap gir løyve til oppstart av reguleringsending i *detaljreguleringsplan – bustadområde på Nærøy*, planID 201275, etter plan- og bygningslova § 12-14.

PS 145/18 OPPSTART AV PLANARBEID - DETALJREGULERINGSPLAN FOR IGESUNDVEGEN-KLEIVA

Møtebehandling:

Planleggar Erlend Vikestrand orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Formannskapet - 14.08.2018

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-8 at det vert starta opp detaljreguleringsarbeid for Igesundvegen-Kleiva.

MØTET SLUTT!